



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo Sokneråd

Møtereferat

Bømlo Sokneråd

Sted:	Bømlo kyrkje	Dato: 27.05.20
Fremmøtte:	Trygve Totland, Elin Vold, Odd Ingvar Nilsen, Fríðleif Lydersen, Nancy Helen Olsen, Gorm Eidesvik og Dagnor Engenes	
Referent:	Nancy Helen Olsen	

Dagens ord vart halde av Trygve

Saksliste:

Sak 8 - 18 - 2020 - Godkjenning av saksliste og innkalling.

Innkalling og saksliste godkjent

Sak 9 - 19 - 2020 - Godkjenning av referat.

Referat frå soknerådsmøte 12.02.20 vart godkjent.

Sak 10 - 20 - 2020 - Konfirmantfesten

Denne saka vert drøfta seinare på møte

Sak 11-21-2020

Det vert konsert Sunnhordalandsfolketonar, kantor Bjarte Aadland 8 November i Bømlo kyrkje. Det vert ikkje selt bilettar men ein kan gi kollekt som vil gå til kyrkjemusikalsk arbeid.

Sak 12-22-2020 - Årsmøte 8 Mars

Elin lagar referat frå årsmøte

Sak 13 - 23- 2020

50 års konfirmantane skulle vore invitert til gudsteneste denne våren. Pga situasjonen har dette vore avlyst og utsett. Me tenkjer at årets 50 års konfirmantar kan inviterast til våren 2021 saman med neste års kull.

Sak 14 -24 - 2020 -Eventuelt

Sak 15- 25- 2020 - Godkjenning av sakliste og innkalling

Sak 16 -26- 2020 - Godkjenning av referat

Sak 17 -27 -2020 - Videooverføring frå kyrkja til omsorgstunet

Det er kjøpt inn nytt utstyr for å få denne overføringa bedre. Dette gjeld til Omsorgstunet og evt. til andre brukarar. Omsorgstunet har betalt litt i denne kostnaden. Soknerådet vart informert via mail på førehand av innkjøpet. Alle stadfesta via mail at dette var ynskjeleg.

Sak 18 -28 -2020 - Godkjenning av sakliste og innkalling

Sak 19 -29 -2020 - Godkjenning av referat

Sak 20 -30 -2020 -Godkjenning av referat 24.04.2020

Fekk stadfesta via mail at dette var noko soknerådet ynskte å gå med på

Sak 21 -31 -2020 -Gudstjeneste haust 2020

Det er laga ei foreløpig gudstjeneste liste. Fullstendig liste kjem når den er klar. Avventar beskjed frå myndighetene etter 15 juni om nye avstandsrestriksjonar. Første gudstjeneste som er planlagt i Bømlo kyrkje er 12 Juli. Gudstjenesta for hausten startar 16 August og så kvar 14. dag som før. Konfirmasjonen vert 5. September. Gudstjenesta på Espevær 5 Juli utgår.

Sak 22 -32 -2020 -Offerliste haust 2020

Det har vore nytta vipps i nettgudstjenestane som har vore. Resultat av vipps har vorte fordelt mellom dei ulike sokna. I det siste har ein kunna vippsa direkte til sitt sokn. Det vert skjekka opp i kor mykje som er på konto og kva som er kome inn på vipps. Det er enighet om at nokre av postane på offerlista i haust skal gå til kyrkjelydsarbeidet. Ny liste vert laga for hausten. Fridleif har klar ny liste til neste møte.

Sak 23 -33 -2020 - Status open kyrkje

Svanhild Vespestad og Laila Bauge har hatt litt ansvar for dette. Fridleif høyrer med Sissel om kva planane er for dei andre kyrkjene framover. Når me veit dette kan me planlegga vidare.

Sak 24 -34 -2020 -Møtedatoar haust 2020

Me avtalar nytt møte 24/6 for å avklara ulike saker før sommaren.
Møtedatoar haust: 19 August, 16 September, 14 Oktober, 18 November

Sak 25 -35 -2020

Kystsogehelga utgår mest sannsynleg. Me planlegg ein konsert med trekkspelklubben i gamle kyrkja, søndag 23/8 i etterkant av turen gjennom kyrkjestien. Trygve spør trekkspelklubben om dei ynskjer å komme.

Sak 26 -36 -2020 -Eventuelt

Konfirmasjonen vert lørdag 5/9. Håpar avstandsrestriksjonane er reduserte slik at flest muleg kan komme. Konfirmantfesten vert avlyst då det er vanskeleg å kneppa det inn før

konfirmasjonen. Me diskuterer om konfirmantane skal vera utan den kvite kappa i konfirmasjonsgudstjenesta eller i deler av den. Dette sidan dei ikkje får vist seg fram slik dei ville gjort på overhøyringsgudstjenesta. Fridleif tek dette opp med sitt team.

13 April vart det arrangert gospel gudstjeneste i Bremnes kyrkje. Det er kome spørsmål om dei kan behalde kollekten som var knytt til denne gudstjenesta. Enighet i soknerådet om at dei kan behalde kollekten.

KN aksjonen som vart gjennomført digitalt av konfirmantane gav eit resultat på 16047 kr. Resultatet i år var bedre enn fjorårsresultatet. Kan dette vera ein ny måte å gjennomføre innsamlinga på vidare?

Trygve informerer om utviding av gravplassen. Det er planlagt rundt 200 nye plassar på det nye området.